

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2015-0117	<b>Søknadsår</b>	2015	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2015			
<b>Prosjektnavn</b>	Bu i Sogn & Fjordane			

### Kort beskrivelse

Det er utvikla og utarbeidd eit innovativt digitalt kartbasert orienteringsverktøy Bu i Sunnfjord. Dette er tenkt som eit verktøy for eksisterande og nye bebuarar å finne samordna informasjon. Det hentar data frå eksisterande databaser og presenterer dei i kart. Dataene er: Bustader til sals, ledige stillingar, skular og barnehagar, andre offentlege tenester, kultur- og aktivitetstilbod (basert på opne bidrag). Dette verktøyet er tenkt utvida til å gjelde heile Sogn og Fjordane.

### Prosjektbeskrivelse

Det er utvikla og utarbeidd eit innovativt digitalt kartbasert orienteringsverktøy Bu i Sunnfjord. Dette er tenkt som eit verktøy for eksisterande og nye bebuarar å finne samordna informasjon. Det hentar data frå eksisterande databaser og presenterer dei i kart. Dataene er: Bustader til sals, ledige stillingar, skular og barnehagar, andre offentlege tenester, kultur- og aktivitetstilbod (basert på opne bidrag). Dette verktøyet er tenkt utvida til å gjelde heile Sogn og Fjordane.

Ferdig prosjekt Bu i Sunnfjord ligg live på nett på <http://buisunnfjord.no/>

Planen er så å utvide konseptet bygd på samme mal til heile fylket. Det innebærer å innlemme 21 ekstra kommunar, i tillegg til dei 5 som er der i dag.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Flora kommune Org.nr:935473578	Markegata 51 6900 FLORØ	95227275
<b>Kontakt- person</b>	Anders Espeset	Markegata 51 6900 FLORØ	95227275
<b>Prosjekt- leder</b>	Anders Espeset	Markegata 51 6900 FLORØ	95227275

### Mottatt offentlig støttetidligere: Ja

Miljødepartementet 300 000,  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune 75 000,  
Kommunalt næringsfond Flora 45 000,  
Kommunalt næringsfond Førde 45 000,  
Kommunalt næringsfond Jølster 20 000,  
Kommunalt næringsfond Jølster 20 000,  
Kommunalt næringsfond Jølster 20 000,

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Som ei direkte oppfølging av Interkommunal planstrategi for SIS-kommunane, vart det i 2012 søkt om og fått tilslag på kr 300 000,- frå Miljødepartementet til utvikling av eit innovativt kartbasert orienteringsverktøy. Målet med eit slikt verktøy var å gi ein betre totaloversikt over Sunnfjord, og gjere det lettare og meir attraktivt å bli Sunnfjord-buar. Etter ein anbodskonkurranse, vart firmaet Pixelwerk vald til å levere eit produkt. Arbeidet er nybrottarbeid, og det oppstod fleire hinder undervegs, noko som førte til at ein ikkje kom heilt i mål. Ein søkte difor i 2013 og fekk tilslag frå Fylkeskommunen om kr 75 000,- frisk kapital til slutføring.

I desember 2014 søkte alle SIS-kommunane sine respektive kommunale næringsfond (administrert av SNU og Fram Flora) om finansiering til lansering av kartverktøyet. Søknadane vart godkjent med følgjande tilskot: Flora og Førde kr 45 000,- kvar, Naustdal, Jølster, Gaular kr 20 000,- kvar.

Prosjektet har i heile prosessen vore styrt av plangruppa i SIS. Plangruppa består av 1-2 planleggarar frå kvar kommune, som har faste møter 8-10 gonger i året, der Bu i Sunnfjord-prosjektet jevnleg har vore på agendaen. Så SIS-kommunane sitt bidrag har hittil bestått av denne arbeidsinnsatsen. I 2012 og 2013 var Naustdal leiar i gruppa, i 2014 og 2015 har det vore Flora. Desse har såleis hatt tyngst involvering i prosjektet.

### Prosjekt mål

Utvide og vidareutvikle orienteringsverktøyet Bu i Sunnfjord til å gjelde heile Sogn og Fjordane.

### Forankring

#### 1. UTDRAG FRÅ REGIONAL PLANSTRATEGI 2012-2016

"Overordna mål:

Auke folketalet i perioden fram til 2016 til 112 000.

Strategiar for å bidra til å nå målet:

Styrke attraktiviteten til kommune- og regionsentra

Styrke utviklinga av lokalsamfunn med vekt på kultur, trivsel, tryggleik og god helse

Styrke grunnlaget for eit innovativt og konkurransedyktig arbeidsliv

Styrke rolla til frivillig sektor lokalt og regionalt

Styrke samhandlinga mellom stat, region og kommunar

Auke merksemda om bruk av natur og kulturarven som verdiskapar

Styrka satsing på utbygging av infrastruktur

Styrke kompetanse og utdanning med basis i lokale og regionale behov

Arbeidsmåtar for det strategiske arbeidet:

Etablere fleire og sterkare bu- og arbeidsmarknadsregionar."

#### 2. UTDRAG FRÅ REGIONAL VERDISKAPINGSPLAN FOR SOGN OG FJORDANE 2014-2025 (UTKAST, IKKJE VEDTATT)

"Fylkestinget har sett folketalsutviklinga som hovudutfordring for Sogn og Fjordane. I

verdiskapingsplanen er målet om folketalsutvikling ført vidare til ein ambisjon om arbeidsplassvekst.

Målet er ein netto årleg arbeidsplassvekst på 100. Fylket må tilby attraktive arbeidsplassar. Vi konkurrerer om kvar folk skal velje å busetje seg, og vi konkurrerer om kvar dei utfordrande arbeidsplassane vert etablerte.

Ungdommen er ei prioritert målgruppe. Innvandring gir samfunnet vårt nye impulsar. Attraktive lokalsamfunn og godt fungerande bu-, arbeids- og sørvisområde er ein føresetnad for å rekruttere og halde på flinke folk.

Partnerskapen ønskjer ein offentleg sektor som:

leverer gode tenester slik at Sogn og Fjordane blir sett på som eit attraktivt og godt fylke å bu i. Frå rå barnehage og utdanningstilbod til helsestell, transporttilbod, integrering av arbeidsinnvandrarar og tilrettelegging for gjennomgangsbustadar.

har gode strategiske planar som samlar fylket om ein felles innsats. Oppdaterte arealplanar for å å sikre balanse mellom utvikling og vern."

3. Rådmannsvedtak SIS-kommunane 28.11.14:

"SIS er positiv til at prosjektet Bu i Sunnfjord inngår tett samarbeid med Framtidsfylket, og at det i neste runde blir lagt opp til å invitere resten av fylket inn i prosjektet."

### **Prosjektorganisering**

Prosjektansvarleg: Rådmannen i Flora kommune

Prosjektleder/prosjektsekretær: Anders Espeset, planleggar i Flora

Styringsgruppe: Ordførarane i SIS

Prosjektgruppe: Rådmennene i SIS

Arbeidsgruppe: Plangruppe Sunnfjord

### **Samarbeidspartnere**

Miljødepartementet

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Framtidsfylket

### **Aktiviteter**

Utvide kartportalen Bu i Sunnfjord.

### **Målgrupper**

-Tilflyttarar

-Mogelege tilflyttarar

-Fastbuande

### **Resultat**

Nettbasert løysing som skal gjere det enklare for folk å finne fram til butilbod, jobbtildbod, skule, barnehage, kulturtilbod osv. i fylket.

### **Effekter**

Intensjonen er at alle delmåla skal oppfyllest.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Utvide kartportalen Bu i Sunnfjord til å gjelde heile fylket.

Datateknisk arbeid skal vere ferdig des 2015.

#### Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Teknologiutvikling	525 000					525 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>525 000</b>					<b>525 000</b>

#### Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2015	525 000					525 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>525 000</b>					<b>525 000</b>

#### Geografi

1400-Sogn og Fjordane

#### Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Søknad Fylkeskommunen - Bu i S&F 20.05.15.doc	36 864	21.05.2015